



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. oktober 2021

**Permanent nasjonalt beredskapslager for
smittevernutstyr**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Mandag 11. oktober 2021 kl. 14.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernustyr

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg
Gunnar Berge
Pernille Lysaker

Ingeborg Morken
Wenche Kristin Røkenes
Marie Skontorp

Frå administrasjonen møte

Administrerende direktør Inger Cathrine Bryne

Også til stades

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Avdelingsdirektør Kai Furberg
Fung. avdelingsdirektør Mikkell Hovden Aas

Riksrevisjonen vart varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Ingrid Engstad Risa.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og helse- og omsorgsminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Bent Høie spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr

Det vart i mars 2020 oppretta ein mellombels nasjonal innkjøps- og distribusjonsordning for smittevernutstyr som vart avslutta ved utgangen av året. Dei regionale helseføretaka fekk i føretaksmøte 13. november 2020 eit krav om å ta eit ansvar for vidare utstyrsinnkjøp og mellombels drift av eit nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr, og det vart løyvd 771 mill. kroner som eit engangsbeløp til oppbygging, drift og vedlikehald av eit lager for smittevernutstyr, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) og jf. Innst. 11 S (2020–2021). Dei siste leveransane frå nasjonale leverandørar vil etter planen bli leverte i 2022. Lageret inneheld andingsvern, munnbind, hanskar, augevern, smittefrakkar og heildekkande dressar, og dessutan sprøytar, opptrekkskanylar og injeksjonskanylar til vaksinasjon. Lageret har eit volum tilsvarande seks månaders forbruk gitt visse føresetnader om smittespreiing mv. i dagens pandemi. Lageret skal utvidast for å kunne handtere eit realistisk alvorleg utbrot med delvis smitte via luftsmitte i inntil tre månader.

Det blir no lagt opp til at dei regionale helseføretaka skal ta eit permanent ansvar knytt til nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr, der dei eig varebeholdninga og står for innkjøp, rullering og utvikling av lageret.

Målgruppa for nasjonal beredskapslagring av smittevernutstyr er den offentlege helse- og omsorgstenesta og andre offentlege og private instansar som etter lov eller avtale tek hand om helse- og omsorgstenester til befolkninga, offentlig tannhelseteneste og militær sanitet.

Gitt ei haldbarheit på 5-6 år, har førebelse utrekningar vist at det kan bli ein årleg kassasjon av smittevernutstyr på rundt 170 mill. kroner. Dette skuldast at lageret er langt større enn det helsetenesta på eiga hand kan rullere.

For å sikre eit kostnadseffektivt system med lågast mogleg kassasjon er det behov for greie ut korleis det nasjonale lageret kan etablerast og utviklast. Element som bør greiast ut er mellom

anna innkjøpssamarbeid, krav til beredskap i innkjøpsavtalar, samt eventuell nasjonal produksjon og avtalar om å kunne setje i gang nasjonal produksjon. Nasjonale løysingar må dessutan tilpassast Noregs internasjonale samarbeid.

Helse- og omsorgsdepartementet vil greie ut forskriftsfesting av krav til kommunar og regionale helseføretak om å sørgje for tilgang til smittevernutstyr/PVU, til dømes tilsvarende seks månaders normalforbruk, ved å ha beredskapslager eller produksjon i Noreg.

Det nasjonale beredskapslageret og regionane sine egne lager bør òg sjåast i samanheng. Dette for å sikre størst mogleg grad av fleksibilitet, og for å sikre at dei regionale helseføretaka har eit heilskapleg perspektiv på ansvaret for både eigen beredskap og deira nye nasjonale ansvar.

Foretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka blir bedne om å:

- *Ta ansvaret for eit permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr med utgangspunkt i lageret som er etablert under koronapandemien. Lageret skal utvidast for å kunne handtere eit realistisk alvorleg utbrot med delvis smitte via luftsmitte i inntil tre månader. Ansvaret skal på sikt omfatte eigarskap til varebeholdning og ansvar for innkjøp, rulling, organisering, drift og forvaltning av beredskapslageret.*
- *Innan 15. juni 2022, og under leiing av Helse Sør-Øst RHF, greie ut*
 - *eit kostnadseffektivt system med lågast mogleg kassasjon av smittevernutstyr*
 - *formålstenleg organisering, herunder om eigarskapet skal leggjast til eitt eller fleire regionale helseføretak*
 - *forslag til ein framdriftsplan for etableringa av lageret*
 - *forholdet til dei regionale helseføretaka sine egne beredskapslager*
 - *korleis det nasjonale beredskapslageret skal handterast regnskapsmessig*

Møtet vart heva kl. 14.10.

Oslo, 11. oktober 2021

Bent Høie

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrevne signaturar